
Fra: Arve Reigstad <arve.reigstad@gmail.com>
Sendt: 25. august 2016 12:34
Til: Postmottak Meland
Emne: Fwd: Stoppekran v/Mjåtveitvegen 34

Videresender denne. Håper ein i avdelinga kan sjå på denne før helga.

Mvh Arve Reigstad

----- Forwarded message -----

From: **Arve Reigstad** <arve.reigstad@gmail.com>
Date: 2016-08-25 12:32 GMT+02:00
Subject: Stoppekran v/Mjåtveitvegen 34
To: jens.dahl@meland.kommune.no

Hei Jens.

I slutten av juli prøvde vi å stenge av vatnet inn til huset vårt i Mjåtveitvegen 34, i samband med nokre reparasjonar på gamle røyr i kjellaren. Dette lot seg ikkje gjera. Stoppekrana, som ligg i Havnevegen ved ved innkjøringa til ungdomsskulen, er defekt. Vi fekk derfor ikkje stoppa vatnet, og arbeidet måtte utsetjast.

Tidlegare, før utbygginga av ungdomsskulen, hadde vi stoppekran i gangveg-passasjen utanfor huset vårt. Den vart fjerna i samband med utbygginga av skulen og den nye reguleringa av Havnevegen.

I neste veke prøver eg å få røyrleggjar til å komme for å utbetre gamle røyr. Det er ei potensiell fare for lekkasje i røyrene her i huset, og dei bør skiftast snarast. Eg vil også skifte til nye stoppekrantar inne i huset.

Mitt ønskje til kommunen er følgjande:

1. Assistanse til å stanse vatnet dei timane reparasjonsarbeidet pågår. (Ventar på svar frå røyrleggjar for timeavtale.)
2. At kommunen skifter ut defekt stoppekrane i Havnevegen, slik at vatnet kan stoppast, også inn til eigedomen i Mjåtveitvegen 34, ved behov.

Høyrer gjerne frå deg.

Med venleg helsing
Arve Reigstad
Mjåtveitvegen 34

Tlf: 413 05 378